



Hjelmås Vvs AS
Torvhusmyrane 2
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/2408 - 18/25255

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@meland.kommune.no

Dato:
30.11.2018

Godkjenning- utsleppsløyve for bustad minireinseanlegg - GBNR 12/27 - Nedre Tveit

Administrativt vedtak. Saknr:

Tiltakshavar:

Ansvarleg søkjar:

Hjelmås VVS AS

Søknadstype:

Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3. Forskrift om begrensing av forureining § 12-5, § 7 i forureiningslova

Saksutgreiing:

Tiltak

Saka gjeld søknad om utskifting av utsleppsanlegg - minireiseanlegg frå ein bustad på Nedre Tveit, Gbnr 12/27. Administrasjonen vurderer situasjonen slik at eldre utsleppsløyve av 26.06.89 i sak 116/89 har utgått og skal utstede nytt utsleppsløyve i saka.

I samsvar med søknad, motteke 10.10.18, skal avlaupet reinsast i biologisk/kjemisk minireinseanlegg, før reinsa avlaupsvatn skal førast til eksisterande leidning på gbnr 12/27 og Gbnr 12/3. Plassering av utsleppsanlegg og eksisterande leidningstrase er vist på motteke situasjonskart datert 19.06.18, motteke 10.10.18. Søknad om installasjon etter PBL §20-1 og 20-3 vart motteke 29.11.18.

Nabovarsling

Det er ikkje påkravd nabovarsel eller samtykkje i saka då leidningstrase og utsleppstad er uendra og vurderast som utbetring av eksisterande situasjon.

Erklæring om ansvarsrett

Føretaket Hjelmås VVS AS har erklært ansvarsrett jf. plan- og bygningslova § 23- 3 i dokumentasjon, motteke den 29.11.18.

Vurdering:

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Eigedomen ligg i eit område med krav til reinsing av avlaupsvatn i biologisk/kjemisk minireinseanlegg. Det er ikkje mogeleg å føra avlaupet til sjø.

Minireinseanlegget skal ha dokumentasjon som tilfredsstillar NS-EN 12566-3 eller tilsvarende standard for reinsegrad, slamproduksjon og gjennomsnittleg slamproduksjon.

Minireinseanlegget skal drivast og vedlikehaldast i samsvar med skriftleg drifts- og vedlikehaldsavtale. Slik avtale skal liggje føre før anlegget vert teke i bruk.

Eigar av anlegget er ansvarleg for eventuell forureining, jfr § 7 i forureiningslova.

Utsleppsløysinga det her er søkt om, er etter Meland kommune si vurdering, i samsvar med gjeldande krav i området. Administrasjonen kan difor gje utsleppsløyve som omsøkt i medhald av «Forskrift om begrensing av forureining» sin § 12-5.

Vedtak

«Meland kommune gjev i medhald av «Forskrift om begrensing av forureining» sin § 12-5, utsleppsløyve frå bustad, 5 PE, på gbnr 12/27 på Nedre Tveit, i samsvar med søknad motteke 10.10.18 og tilleggsopplysningar motteke 29.11.18 på følgjande vilkår:

1. Avlaupet skal gå via typegodkjend biologisk og kjemisk minireinseanlegg der det reinsa avlaupsvatnet vert ført til eksisterande leidningar på eigedom Gbnr 12/3 og 12/27.
2. Slam frå anlegget skal leverast til godkjend mottak.
3. Det skal opprettast skriftleg serviceavtale med leverandør av minireinseanlegget før anlegget vert teke i bruk.

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-3 vert det gjeve løyve til etablering av avlaupsanlegg på gbnr 12/27 Nedre Tveit i samsvar med søknad, motteke 10.10.18. Anlegget skal plasserast som vist på situasjonsplan motteke 10.10.18, jf plan- og bygningslova § 29-4.»

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 18/2408

Ansvar

